



Senterpartiet
Ullensvang kommune

VALPROGRAM FOR ULLENSVANG SENTERPARTI

KOMMUNEVALET 2023-2027

JØRUND KVESTAD
3. kandidat

LAJLA-MARGRETHE LINDSKOG-LUND
1. kandidat

SUSANNE BRU TORSNES
12. kandidat

TINA N. MANNSÅKER
2. kandidat

MARI PRESTEGÅRD
10. kandidat

NILS KRISTIAN BERGE
11. kandidat

RANDI E. OPPEDAL
9. kandidat


INGVILD HAUSO
7. kandidat

PER HELGE SEKSE
5. kandidat

BRITHA SANDAL
6. kandidat

NILS VETLE MEDHUS
8. kandidat

ROBIN TVEIT
4. kandidat



@ULLENSVANGSENTERPARTI

NÆR FOLK

i heile Ullensvang kommune

www.senterpartiet.no/ullensvang



Ordførarkandidat

Lajla-Margrethe Lindskog-Lund

Gode veljar!

Dei neste fire åra skal me bygga Ullensvang kommune - saman. Me i Senterpartiet vil ta heile kommunen i bruk og ha gode tenester nær folk. Me vil ha eit desentralisert og likeverdig tilbod til innbyggjarane i kommunen vår. Me vil at potensialet i byen vår og bygdene våre skal nyttast til det beste for oss som bur her, og dei som besøker oss.

Me ber om din tillit til å arbeida for at Ullensvang kommune skal vera ein god kommune å bu, arbeida og trivast i.

Godt val!



Me i Ullensvang Senterparti vil stå på for

...gode levekår og trivsel i HEILE kommunen

**...gode tilbud til born og ungdom
i HEILE kommunen**

...eit godt helsetilbod i HEILE kommunen

**...eit rikt og mangfaldig næringsliv
i HEILE kommunen**

**...fortgang i samferdsleprosjekt
i HEILE kommunen**

...bustadtomter i HEILE kommunen

**...ein serviceinnstilt kommune, med praktisk
og løysingsorientert tilnærming for
alle i HEILE kommunen**



OPPVEKST OG KULTUR

*Alle born og unge skal sikrast eit godt oppvekstmiljø der dei bur.
Kultur- og idrettsmiljøet i kommunen skal bløma.*

Difor vil me i Sp:

- arbeida for ei ordning med fritidskort for born/unge 6-18 år
- sikra tilstrekkeleg bemanning i barnehage, SFO og skule
- arbeida for eit fleksibelt barnehageopptak
- arbeida for ein desentralisert skulestruktur
- satsa på ungt entreprenørskap og elevbedrift i skulen
- samarbeida med Odda VGS og bedrifter for å sikra eit godt og variert utdanningstilbod og læreplassar i kommunen
- sikra eit desentralisert og variert aktivitets- og kulturtilbod for born og unge gjennom samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- realisera utbygging av folkebadet i Odda sentrum i løpet av valperioden
- arbeida for å realisera Lindehuset som regionalt kulturhus
- at kyrkja skal vera ein viktig del av kulturlivet i kommunen



Tina Nesse Mannsåker
2. kandidat

«Godt oppvekstmiljø for born og gode helse- og omsorgstenester må prioriterast»



HELSE OG OMSORG

Verdig liv til alle er avhengig av god omsorg og trivsel.

Helse- og omsorgstenestene skal yta tryggleik, at ein får naudsynt hjelp når og der det trengs. Uavhengig av kvar ein bur eller kva ein tener, skal alle ha lik tilgang til gode helsetenester.

Difor vil me i Sp:

- sikra at arbeidet med rehabilitering av sjukeheimane i Kinsarvik og på Utne vert sett i gang
- at sjukeheimane i Odda, Jondal, Utne og Kinsarvik skal verta haldne ved lag, og sikra at det er aldersheim i Røldal
- arbeida for at det kan byggast 60+bustader i nærleik av sjuke- og aldersheimane våre
- arbeida for fleire demensavdelingar
- sikra eit fungerande helsestasjonstilbod i Odda, Kinsarvik, Utne, Røldal og Jondal, der lækjar og småbarnskontroll er nær på foreldre, nyfødde, born og unge
- arbeida for gode legetenester i Odda, Røldal, Kinsarvik, Utne og Jondal
- øva påtrykk for at Odda sjukehus skal vera eit fullverdig lokalsjukehus med akuttfunksjon og leing på huset



NÆRINGS LIV

*Me ynskjer ein attraktiv kommune å bu og leva i.
Eit rikt og sterkt næringsliv er den viktigaste føresetnaden for å
sikra busetnad, auka folketal og velferds- og samfunnsutvikling.*

Difor vil me i Sp:

- at Ullensvang skal vera Matkommunen som lyfter fram og legg til rette for lokal produksjon og foredling av frukt og grønt, husdyr og berekraftig fiskeoppdrett
- støtta forskning, utvikling og rettleiing innan landbruket
- utvikla attraktive sentrumsområde for å skapa auka bulyst og tiltrekka oss bedriftsetablering og attraktive arbeidsplassar
- bygga næringsutviklingsarbeidet på samarbeid politisk, administrativt og mellom kommunane i regionen
- ha ein oppdatert og gjennomtenkt strategi for industri og næringsutvikling
- arbeida for tilskotsordningar for unge som vil etablera næringsverksemd
- marknadsføra ledige kontor i kommunale bygg som kontorfellesskap




- ha tett oppfølging av miljørevisjonar, konsesjonsvilkår og grunneigarinteresser under pågåande kraftsaker i kommunen
- at framtidige konsesjonssøknadar vert imøtekomne med oppdatert kunnskap og engasjement frå kommunen si side
- støtta utbygging av småskala fornybar energi, men sei nei til kommersiell vindkraftutbygging i Ullensvang kommune
- arbeida for utbygging av kraftnett knytt til industriutvikling og til småskala fornybar energi
- arbeida for eit bandtvangsreglement
- leggja til rette for hyttefelt i eigna områder

BUSETTING

*Busetting er viktig for utviklinga i kommunen.
Me vil ha busetting i heile kommunen.*

Difor vil me i Sp:

- marknadsføra og tilrettelegga Ullensvang endå betre som bu-kommune
- leggja til rette for bustadtomter i alle delar av kommunen
- gje tilskot til bygging av einebustad eller bustadkjøp for tilflyttarar og førstegongsetablerarar
- arbeida for tilgjengelege utleigehus i alle sentruma
- sikra rehabilitering av kommunale utleigebygg
- sikra at byggeklare tomter i kommunale byggefelt er klare til sal



SAMFERDSEL OG KOMMUNIKASJON

Framkommelege og trygge vegar er særst viktig for busetnad og næringsliv i heile kommunen.

Difor vil me i Sp:

- arbeida for gul midtstripa på alle hovudvegar i kommunen
- arbeida for rassikring og vegutbetring på riks- og fylkesvegane våre
 - med fokus på Stana-Teigen, Byrkjenes, Oddadalen og Brattlandsdalen, ferdigstilling av strekninga Kyrkjenes-Bjotveit på grunnlag av ein godkjent reguleringsplan og realisera tunell mellom pollane på Fv 49
- arbeida for sikrare tilhøve for mjuke trafikantar, mellom anna med fleire gang- og sykkelvegar
- arbeida for betre kollektiv-løysingar
- arbeida for fast halvtimes avgangar og nattferje på Jondal - Tørvikbygd
- arbeida for at det vert bygd fleire ladestasjonar for elbilar
- støtta utbygging av høghastigheit breiband i kommunen
- at kommunen skal ha ei aktiv rolle for å sikra full mobildekning i heile kommunen



Jørund Kvestad

3. kandidat

«Ullensvang, kommunen folk vil bu og trivast i»



KLIMA, MILJØ OG TRYGGLEIK

Alle bør vera sitt ansvar bevisst og leggja til rette for å bevara naturen.

Me ynskjer ei berekraftig og forsvarleg forvaltning av ressursane i vår kommune. Miljøpolitikken lyt ta omsyn til lokale forhold og globale utfordringar.

Difor vil me i Sp:

- sei nei til gondol til Rossnos
- flaumsikra Oddadalen
- stilla miljøkrav i offentlege anskaffelsar for å stimulera til eit grønt skifte i næringslivet
- sikra den gode beredskapen i heile kommunen, mellom anna med meir synleg politi
- støtta etablering av hydrogenproduksjon i Tyssedal og utnytta overskotsvarmen til næringsutvikling



Robin Tveit

4. kandidat

«Ein skal ikkje måtte grua seg til å bli gamal i Ullensvang kommune»



KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

Tilsette er vår viktigaste ressurs for å gje innbyggerane våre gode tenester.

Difor vil me i Sp:


- arbeida for fleire varige tilrettelagte arbeidsplassar
- syta for rekruttering av utdanna barnehage- og helsepersonell, samt gå aktivt inn for at ungdommar vil velja desse utdanningsløpa
- ha fokus på auka trivsel blant tilsette, slik at ikkje gode arbeidstakarar finn seg anna arbeid
- arbeida for at dei som ynskjer det skal få 100% stilling

ØKONOMISK STYRING

Kommunen forvaltar fellesskapet sine ressursar. Me vil ha mest mogeleg ut av kvar krona som vert nytta.

Difor vil me i Sp:

- vera økonomisk forsvarleg
- sikra at lovpålagte oppgåver innan barnehage, skule, helse og eldreomsorg vert gjennomført forsvarleg
- splitta opp anboda slik at mindre firma kan gje tilbod på deler av anskaffinga



La Sp fortsetja styringa av Vestland!

Under Senterpartiet si leiing har den nye fylkeskommunen blitt ein medspelar for vekst og kraft i kommunane og lokalsamfunna.

Får me fornya tillit skal me fortsetta å levera varene. Ein sterk fylkeskommune sikrar lokalsamfunna, og gjer kommunen din og lokalsamfunnet ditt i stand til å lukkast. Me lovar meir av det same, for godt gjort er betre enn godt sagt!

GOD INFRASTRUKTUR UTVIKLAR HEILE VESTLAND

- Fortsetta kampen for **trygge og tenelege kvardagsveggar** gjennom eit praktisk vegvedlikehald med punktutbetring, fjerne flaskehalsar, og nytt dekke.
- Vera den tydelegaste stemma for **meir pengar til ras- og trafikksikring**.

UTVIKLINGSKRAFT I HEILE VESTLAND

- Arbeida for å sikra nok og rett arbeidskraft gjennom å hindra fråfall i vidaregåande skule, tilpassa opplæring, og utdanna arbeidskraft næringslivet treng.
- Ein **aktiv næringspolitikk** som sikrar eksisterande arbeidsplasser og stimulerar til nyskaping. Fylkeskommunen skal vera **ein utviklingsaktør**, ikkje ein «overkommune».
- Ein frivillig politikk som **stimulerar og samspelar med kultur og idrett**, og som bidreg til attraktivitet og bulyst i heile Vestland.

EIN FRAMTIDSRETTE SKULE NÆR FOLK

- Auka satsing på yrkesfag med meir opplæring ute i bedrift.
- Fleire fleksible opplæringsmodellar og eit kompetent og allsidig lag rundt elevar og lærlingar.
- Ein desentralisert skulestruktur med fleire digitale fagtilbod av høg kvalitet.
- Moderne og fleksible skulebygg, som trygge og inkluderande møte plassar for elevar, tilsette og nærmiljøet.
- Eigen skulemiljøpott til alle vidaregåande skular, der midlane skal nyttast på skulehelse og miljøfremjande tiltak ut frå lokale behov.
- Alternativ: Desentralisert satsing på vidaregåande.



Sigrid B. Handegard



Jon Askeland

Nr	Yrke	Namn	f.år	Bustad
1	Avd.leiar	Lajla-Margrethe Lindskog-Lund	1982	Jondal
2	Ingeniør	Tina Nesse Mannsåker	1988	Odda
3	Bonde	Jørund Kvestad	1964	Grimo
4	Industriarbeidar	Robin Tveit	2001	Røldal
5	Pensjonist	Per Helge Sekse	1959	Hovland
6	Rektor/lærar	Britha Sandal	1976	Skare
7	Avd.leiar	Ingvild Hauso	1975	Grimo
8	Offshorearbeidar	Nils Vetle Medhus	1996	Røldal
9	Bonde	Randi Elisabeth Oppedal	1980	Kinsarvik
10	Avd.leiar	Mari Prestegård	1995	Odda
11	Prosjektleiar	Nils Kristian Berge	1990	Odda
12	Driftsoperatør	Susanne Bru Torsnes	1991	Jondal
13	Ingeniør	Inge Haustveit	1971	Grimo
14	Pensjonist	Harald Sandvik	1955	Kinsarvik
15	Økonomileiar	Randi Øyre Opedal	1967	Odda
16	Ingeniør	Bente Bjøtveit	1970	Nå
17	Bonde	Sjur Lothe	1982	Utne
18	Bonde	Andreas Hus	1992	Kinsarvik
19	Student	Joanna Løyning	2001	Skare
20	Turistvert	Bjørn Buer	1975	Odda
21	Barnehagestyrar	Lene Vie Nordeide	1986	Utne
22	Ingeniør	Torkjell Tolo	1980	Jondal
23	Maskinførar	Jon-Andre Årsand	1995	Kysnesstrand
24	Avdelingsleiar	Geir Utne	1970	Lofthus
25	Politi	Svein Buer	1971	Odda
26	Dagleg leiar	Mariann Nordstoga Berge	1989	Skare
27	Avd.leiar	Therese Bakke	1984	Lofthus
28	Forskar	Gunhild Jaastad	1966	Grimo
29	Tømrar	Asgeir Mannsåker	1985	Odda
30	Student	Pauline Kvåle	1999	Jondal
31	Arbeidsleiar	Salm Sjurstræ	1965	Odda
32	Lærar	Evelyn Sekse Haustveit	1968	Grimo
33	Maskinførar	Ivar Torsnes	1987	Jondal
34	Lærar	Anita Rabba	1965	Røldal
35	Barnehagelærar	Solfrid Sætveit Haugen	1971	Jondal
36	Anleggsarbeidar	Håkon Småbrekke	1957	Røldal
37	Økonom	Knut Bårtvedt	1960	Kinsarvik
38	Einingsleiar	Ingvild Sperrevik	1983	Hovland
39	Driftsoperatør	Sigrid Brattabø Handegard	1963	Jondal